

## Rekordsommar på Rabben Feriesenter.

23.07.2018



Det går mot ein rekordsommar på Rabben Feriesenter med ein sterk auke i talet gjester.

**Alt no kan dagleg leiar på Rabben Feriesenter, Magne Heggøy, sei at det går mot rekordsommar på Campingen. Det er registrert auka besøkstal og rekord i høve til åra før. Det gjeld alle typar tilreisande, både dei med bubil, vogner og dei som ferierer med telt. Hyttene er tinga i god tid framover.**

Rabben Feriesenter er for alle tilreisande. Slik er det ikkje på alle campingplassar lenger. Mange vil berre ha bubilar. Talet tilreisande med telt er i auke. Dette er ei feireform som tek seg opp att. I Uskedalen gjer ein alt for å finna plass for dei med telt, i tillegg til bubilar og vogner.



Fram mot kvar helg har det vore kø i innslinga på Campingen.

Auken i gjester har ført til eit kapasitetsproblem, noko som er mest synleg på dametoalettet, men også for dei som ynskjer tilgang til felles kjøkken og grillplassar ute. Fellesferien er i gang. Tyske bubilgjester plar koma i august så det enno mange veker att med høge besøkstal.

Omsetnaden ligg godt over fjoråret. 2017 var også eit betre driftsår enn 2016. Hyttene ligg inne i eit bookingsystem på nettet. Kundane finn fram og tingar den hytta, ein vil ha, i god tid. Faste gjester over mange år kjem tilbake til Uskedalen. Dei har funne si ferieforn med god kontakt med fastbuande og bygda elles.

Magne Heggøy er godt nøgd med sommarhjelpa. Hanna Tvilde og Amalie Hovden Rød jobbar sjølvstendig og ser til ei kvar tid kva som må gjerast.

***Han seier til slutt i samtalen at sommaren 2018 vert ein jubelsesong for Rabben Feriesenter.***

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Thor Inge Døssland/ Kristian Bringedal/ Rabben Feriesenter



Booking og det å ta mot feriegjestene er ein viktig del av jobben til Hanna Tvilde og Amalie Hovden Rød.